



I SAME ROMMET

Den digitale formidlingsløypa Garborgløypa

ØRJAN ZAZZERA JOHANSEN

25. april 2016 opna Garborgløypa, ei av Noregs største digitale formidlingsløyper. Sidan har det vore mogleg for alle å reisa mellom Knudaheio, Garborgheimen og Time kyrkje for å sjå filmar og høyra lydklipp med innhald frå Arne Garborg sine bøker. Som litteraturformidling var dette på mange måtar noko nytt. I denne artikkelen høyrer me frå regissør og skodespelarar.

«Garborg var pensum, og etter det har eg lese ein del av Rogalands mørkemann.»

Skodespelar Vegar Hoel fortel om då han var utstillingsansvarleg på Stavanger bibliotek på Sølvberget. Han er meir enn gjennomsnittleg interessert i litteratur.

«Det var perfekt for meg. Men etter å ha vore skodespelar i *Mongoland* og *United*, fekk eg tilbod om hovudrolla i *Monstertorsdag*. Eg måtte velja mellom å vera i fiksjonen på biblioteket eller i filmen.»

Og om du var i tvil: «Eg valde filmen.»

Han legg til at dette ikkje er noko han har angra mykje på. Hoel er nemleg blitt ein av landets mest nytta film- og TV-skodespelarar: *Alt for Egil*, *Mannen som elsket Yngve*, *Død snø*, *Tomme tønner*, *Kill Buljo* og *Okkupert* for å nemna nokre. Og nå Garborgløypa – den digitale formidlingsløypa i Knudaheio, Garborgheimen og Time kyrkje – der han spelar hovudpersonen i *Fred*, skapt med forfattarens far, Eivind Garborg, som modell.

«Å gjera rolla som Enok Høve var fint, og ganske mørkt. Eg opplever karakteren som ein tapt mann, mørk og plaga. Hans pietistiske overtyding manifesterer seg i avhald og sjølvforneking. Eg sette meg inn i helvetesvisjonen hans og prøvde å oppleva han som reell og ekte.»

Nokre filmar blei laga. Små kodar blei sett der kameraet stod. Og nå kan du retta ein kamera-telefon mot koden og



QR-koden fører til filmen «Svovelsyre».

strøyma. Då startar du ein stadspesifikk film. Bildet er kanskje ikkje så stort, men rommet eller naturen omkring deg utvidar det. Du er ein del av scena, det er deg dei snakkar til.

Løypa består av små plater med QR-kodar på. Desse kodane kan du skanna ved hjelp av ein app (QR-kode-lesar) på telefonen eller nettbrettet ditt. Då får du fram ein film eller eit lydspor, med scenar tilrettelagt for den staden du står på.

Forutan Enok møter du den unge Garborg og foreldra hans, du møter Veslemøy frå *Haugtussa*, Gumle gamle som snakkar gumlemål og den vaksne Garborg som skriv i skrivestova si – eller han får kjeft av kona Hulda. På kyrkjegarden leitar han etter grava til faren, og Veslemøy grev etter knoklar. Inne sit ho ulukkeleg på kyrkjebenken og ser kjærasten gifta seg med ei anna. Innimellom, både her og der, dukkar absurde og komiske scenar opp: steinskulpturen snakkar, diktaren går tom for dopapir, han tar feil av vinglaset og drikk blekk i staden – og er det Hulda som stig opp av grava der?

Sekstitre kodar er sett opp ute og inne. Knudaheio, Garborgheimen og Time kyrkje ligg alle i den same delen av Time kommune, i Garborgriket. Dermed var det mogleg å knyta dei saman til ei løype. Halvparten av kodane lenkar til filmar, den andre halvparten til lydspor. Alle saman plasserte der handlinga foregår: der Garborg står eller sit, der Veslemøy spring eller syng, der Enok grublar seg inn i fortapinga og skrik så kona må koma styrtande til.

Det finst inga rekkjefølgje eller ein sti du må følgja. Løypa er laga slik at du kan begynna kor som helst, sjå



etter kodane og bli overraska over innhaldet. Ved kvar stad blir du møtt med eit informasjonsskilt som forklarar korleis løypa verkar.

Fred er Arne Garborgs mest kjende roman, skrive på Jæren og utgitt i 1892. Boka er blitt ståande

som eit hovudverk innan den norske naturalismen, men er òg eit verk som med sin psykologiske innsikt peikar framover mot modernismen. Handlinga er lagt til Jæren, midt på 1800-talet, då pietismen og pengesamfunnet gjorde sitt inntog, noko som påverka fleire enn Enok Høve. Mykje av handlinga skjer på ein gard, og skildringa av bustadhuset liknar umiskjenneleg på Garborgheimen.

Diktaren sine foreldre bygde huset i 1848, og familien budde der til 1870, like etter at faren hadde tatt livet sitt. Odelsguten Arne, døypt Aadne, vart fødd i 1851. Å knyta Enok og *Fred* til *Garborgheimen* var eit naturleg forteljargrep. Forfattaren skreiv jamvel i eit brev til bror sin at «helten» var «han far». *Fred* er blitt mykje brukt i formidlinga på Garborgheimen sidan huset opna som museum hundre år etter diktarens fødsel, i 1951; og tar ein boka med seg frå rom til rom, kan ein sjå handlinga føre seg: omnskråa, kjøkkenet, ektesenga, andaktsbordet, bua. Garborg gjorde husets geografi til romanens.

Dermed vert det òg enkelt å sjå den fiktive hand-

linga i forhold til diktarens opplevde barndom, ein barndom me veit relativt mykje om, av di Garborg sjølv skreiv om han: i boka *Knudaheivbrev* frå 1904 og dagbøker, og i brev til familie og vennar. Det biografiske har ein naturleg plass i Garborgløypa. I ein av scenane møter me Arne som barn, eller Aadne som han då heitte, og mor hans, Ane Oline. Dette er òg den eine scena som blandar faren Eivind med romanens Enok – på det viset at Vegar Hoel spelar begge. Tanken er at sjåaren skal skjønna den andelegle slektskapen mellom karakterane, og kjenna på kor avgjerande staden og barndommen må ha vore for det litterære produktet.

Med dette kjem me òg til Garborgløypa si mening: å dra nytte av dei stadane ein kan relatere til kunstverka eller livshistoria. Då kan litteraturen og lesaren vera i same rommet. Forhåpentlegvis styrker dette opplevinga av både litteraturen (eller snarare adaptasjonen av denne) og av staden. Garborgløypa gjer det meir spennande å besøka Garborgheimen og Knudaheio, men ho kan også vera eit mål i seg sjølv – eit sjølvstendig kunstverk.

«Litteratur er ein port inn i fiksjonen,» seier Vegar Hoel. «Det har alltid fascinert meg korleis hjernen måler bilde, stemningar, luktar og heile univers. Å vera skodespelar handlar ofte om å kunna tre inn i andre sin logikk og situasjon. Då hjelper det med empatitrening frå litteraturen.»

Særleg gjorde det inntrykk på Hoel å spela inn Svolesyner, scena der Enok vandrar i ring på stovegolvet og resiterer ei salme om helvete.

«Salmen er ein så utruleg dryg visjon at frykta og

mørkret kryp raskt innover huda,» seier han. «Det er som å vera midt i eit Hieronymus Bosch-måleri.»

Gjennom skodespelarkunsten viser han at det er mogleg å skjønna seg på ein av norsk litteraturs mest berykta figurar.

«Enok er ein ganske så puritansk, religiøs mann. Han er veldig interessant, det ligg jo ein angst bak, ei frykt. Han er ikkje slem, gjer berre det han meiner er rett for å redde sin eigen familie fra skjærseid og helvete. Han er ein mann som blir driven av demonane sine.»

Hoel vart kledd opp av Rogaland teater, med både kostyme og sminke. Det var viktig at han likna så mykje på Enok som mogleg. Slik framstår han i *Fred*:

Enok Høve var ein mann på kring førti. Han såg godt ut. Andletet var klart og klokt med store reine drag; det var godsleg og mest barnsleg når han lo; og då tok han seg gjerne om haka med den eine handa. Håret hans var så svart at der meste blåna i det; det var ingen som hadde slikt hår her; luggen ville gjerne fram i panna. Frå øyro ned under haka voks eit tett, brunraudt skjeggband, som saman med det svarte håret la liksom ei rame om det opne alvorsame andletet. Han var i blå rundtrøye og dobbelspent svart, blank vest; om halsen med den kvitstrokne halsskjorta hadde han eit svart silkeplagg med fin knute, snippene stukne godt innunder vesten. Med det strenge mørke hovudet sitt på dei faste, velbygde akslene såg han annleis ut enn dei andre, mest framandsleg; det var mange som tykte at det liksom stod ein kaldgufs av han.

«Eg har aldri vore med med på noko sånt som dette før,» seier Vegar Hoel. «Men eg synst det er grævlig



I Garborgheimen: Vegar Hoel som Enok Høve.
Foto: Filmavdelingen AS.

kult. Det er jo tekst av ypparste klasse. Og film er det, men site specific, så du får sjå han der han faktisk var. Både teater og film er det, og performance og historieforvaltning.» Han legg til: «Meir av sånne ting som dette.»

Frå *Fred* er 12 scenar tatt med, frå *Haugtussa* 17. Dei andre er henta frå *Knudaheibrev*, dagbøker og *Den burtkomne faderen*. I tillegg til dei komiske klippa som skal vera med på å gjera løypa meir familievennleg. Det er mange overraskingar i Garborgløypa.

I valet av tekstutdrag var det mange omsyn å ta. Det måtte vera scenar det var mogleg å adaptera til film eller lydspor innanfor dei gjevne rammene – og som hadde dramatiske, episke, lyriske eller humoristiske kvalitetar. Dei måtte kunna seia noko sentralt om teksten dei var henta frå, eller ho hadde ein eksplisitt budskap som kunna knyttast til landskapet, husa eller karakterane me ønska å benytta. Det er altså ikkje



Runden mellom Time kyrkje, Garborgheimen og Knudaheio er på drygt 20 km. *Illustrasjon: Kathrine Kristiansen.*

verka som heilskap som er blitt adapterte, men scene for scene, noko som også gjer løypa meir tilgjengeleg. Ein treng ingen forkunnskapar for å ha utbytte av Garborgløypa, ho har inga byrjing eller slutt; kvar einiskild scene skal vera ei oppleving i seg sjølv.

Replikkar måtte justerast etter skodepelarane

sine preferansar, dialekt og diksjon, spissast for å tydeleggjera det episke eller dramatiske. Språket blei modernisert (med utgangspunkt i Sigbjørn Reime sine tekstreviderte utgåver) for å møte forventningar til både turistar og jærbarar. Garborgsenteret valde ei resepsjonsetetisk tilnærming til adaptasjonen,

der mottakaren stod i sentrum. Ettersom filmene og lydspora var plasserte på stader som hadde stor betydning for dikteren og verka, ville det biografiske perspektivet koma med av seg sjølv. Draumen er at mottakarane skal få lyst til å lesa på eiga hand.

Også lengde og forteljartekniske perspektiv måtte takast med i vurderinga. Men særleg dette: kva for ein stad ville gjeva størst mogleg nærleik til teksten? Eller omvendt: kva for eit tekstutdrag vil best understøtta opplevinga av staden?

«Eg går ofte tur i Knudaheio med hunden min.»

Det er Karin Hodne, songar og kjend frå teatergruppa Fantefølge, som seier dette. Det er ho som spelar Veslemøy, hovudpersonen i Arne Garborg si diktsamling *Haugtussa*. Alle kjenner Veslemøy, den synske jenta som vert sviken av kjærasten, sidan bergtatt og nesten gift med haugkallen.

«Eg var på Knudaheio i går,» seier Hodne. «Men litteraturhistorie er ikkje mi sterke side. På skulen lærte me mykje om Torvald Tu, ikkje så mykje om Garborg.»

Ho er kleppsbu, fødd for tjuetre år sidan på ein gard i havgaped, på Hodne sjølvsgat, ved jærstrendene. Ho las seg inn i rolla: «Eg oppdaga ei heilt ny verd. Veslemøy opplever dei same kjenslene som alle andre, berre i den råaste formen. Alt er så intenst. Kjærleiken er intens, frykta er intens.»



QR-koden fører til filmen «Elsk».



Karin Hodne som Veslemøy. Foto: Filmavdelingen AS.

Ho var med på den aller første filmen, *Elsk frå Haugtussa*, innspelt i mars 2015: «Klokka sju om morgonen var det minus éin grad, og eg skulle dansa berrføtt på steinar. Eg vart galsjuk etterpå, kunne ikkje synga på tre veker.»

Filmselskapet som fekk oppdraget i å produsera Garborgløypa heiter Filmavdelingen og held til på Randaberg. Dei kjende Jærmuseet godt frå før, gjennom arbeidet med *Kystreise*-filmene for Tungenes fyr i 2014.

Regissør Alexander Kristiansen har studert nordisk og litteraturvitskap, og tende straks på ideen om å laga ei digital formidlingsløype om Arne Garborg.

«Prosjektet var spennande då me starta opp, og blei endå meir spennande då eg forstod meir av kva Garborgsenteret ønska å få til. Det mest spennande var kanskje å læra personen Arne Garborg å kjenna. Eg visste lite om oppveksten hans og den dramatiske hendinga med farens sjukdom og sjølv mord. Det var litt som å lesa ein kriminalroman, der den eine meir



I Knudaheio: Ørjan Zazzera Johansen som Arne Garborg. Foto: Filmavdelingen AS.

spennande tingen tok den andre.»

Før filminga kunne begynna, og sjølsagt undervegs, var det mykje som måtte gjerast. Kvar scene måtte planleggast nøye. Sidan kvar scene skulle knytast opp mot ein stad, måtte kameraet stå på den linja som gjekk gjennom punktet koden skulle stå på og det filmatiserte objektet. Då måtte ein òg vita om det var mogleg å setja ein stolpe i bakken eller skru opp eit skilt. Kva hadde me lov til? Både Time kommune, Rogaland fylkeskommune, Time kyrkjelege fellesråd og Jærmuseet sjølv var med på å ta desse avgjerdene. Nokre dører og karmar vart freda, på steingardane brukte Garborgsenteret lim som lett kunne fjernast, og innandørs vart det oftast nytta lause skilt eller brik-

ker. Sjøaropplevinga skulle bli så autentisk som mogleg, men det ideelle var ikkje alltid mogleg.

Ein kan vurdera Garborgløypa på fleire måtar: som stadformidling, der filmen er eit hjelpemiddel til å forstå staden; som litteraturformidling, der staden og filmen saman presenterer ein adaptasjon av teksten; eller som film, der staden utgjer både scene og sal. Kanskje var det ikkje så rart at det gjekk over to år frå ideen var unnfanga til prosjektet vart igangsett. Og endå halvanna år før løypa var ferdig.

«Den største utfordringa var å jobba saman med Garborgsenteret,» seier regissør Alexander Kristiansen. «Dei hadde sin eigen visjon om korleis filmene skulle bli. Det er jo slik at viss to personar les same



Frå premiefesten på Garborgsenteret. Filmavdelingen er (f.v.) Alexander Kristiansen, Eirik Fosse, Kristoffer Gjosund og Jon Brekke. Foto: Ørjan Zazzera Johansen, Jærmuseet.



Ein barnehage i Knudaheio. Foto: Elin Ravndal Bell, Jærmuseet.

teksten, vil dei sitta igjen med ganske forskjellige bilde. Me hadde mange interessante diskusjonar der me spelte ball med kvarandre og gjorde kvarandre betre. Alle diskusjonar har vore på eit høgt fagleg nivå, men alltid med eit felles mål om å laga eit så bra sluttresultat som mogleg. Garborgsenteret har jo ein heilt unik og detaljert kunnskap om Arne Garborg som har vore utruleg nyttig å ha med seg i produksjonen.»

Han seier jamvel at Garborgløypa er det kulaste Filmavdelingen har vore med på å laga.

«Eg er veldig stolt over å ha vore med på dette. Det beste var å sjå kor tilgjengelege tekstane til Arne Garborg blei då me fekk filmatisert dei. Historien og

bodskapan kjem så mykje tydelegare fram, gjer dei lettare å forstå. Tekstane er skrivne i ei anna tid med eit anna språk, men når dei smeltar saman med filmatiseringa, får me den berømte synergi-effekten. To pluss to blir ikkje fire, men nærmare åtte! Spesielt yngre generasjonar vil få augene opp for Garborg, og verkeleg forstå tekstane hans. Dramatiske tekstar, glimrande skodespelarar og autentiske locations gjer desse snuttane spesielt gode.»

Mykje ved Garborgløypa var også nytt for filmbransjen.

«Det finst fleire ting med prosjektet som var spesielt. Først og fremst bruken av QR-kodar som



Utanfor Time kyrkje: Veslemøy flyktar frå gråkallen. Foto: Filmavdelingen AS.

var vanskeleg å forstå sånn heilt umiddelbart. Men Garborgsenteret hadde ein visjon og den fekk me sjå under opninga [24. april], og det var ein stor suksess. Garborgsenteret og Jærmuseet skal ha stor ros for å vera så modige og nytenkande.»

«Innspeinga var fin og profesjonell,» fortel rutinerte Vegar Hoel, «roleg og presis. Å filma handlar mykje om å ha tillit til alle aktørane, og då spesielt regi. Den usikkerheita eg eventuelt følte let eg Enok-karakteren bruka som bensin på helvetesbålet.»

«Det var nesten det same kva eg gjorde,» seier Karin Hodne, «Filmavdelingen fekk det til å bli bra.»

Ho legg til at det likevel ikkje var berre enkelt å spela Veslemøy.

«Eg framprovoserte følelser, henta referansar frå eige følelsesliv, kjende empati med karakteren. Eg framprovoserte angsten. Det var så eg blei heilt skjelven då eg såg Gråkallen i «I skodda». Etterpå var eg utslitt.»

Nokre gonger blei det lange arbeidsdagar òg. Eit par av opptaksdagane på kyrkjegarden varte til nær-



mare midnatt, då me måtte venta på at jullyset var skummelt nok. Ein gong blei opptaket avbrote av ein traktor som køyrde forbi med ein einskild sau på hengaren – som sjølvsgagt breka det han var kar om. Og i kyrkja måtte Hodne hugsa så lange dikt at det måtte mange opptak til før alt sat som det skulle.

«Etter tjuve opptak hadde eg lågt blodsukker,»

sukkar ho. «Det var eit brutalt møte med meg sjølv. Eg blei møtt av det eg ikkje kunne. Ingen snakkar som Veslemøy. Det er så musikalsk. Så rytmisk og metaforisk.»

Mellom favorittscenane trekk ho fram Maalmann og I skodda.

«Den siste liker mor mi!»



QR-koden fører til filmen «Maalmann».



QR-koden fører til filmen «I skodda».

LITTERATURLISTE

Garborg, Arne: *Fred*; Time kommune 2001

Garborg, Arne: *Haugtussa*; Time kommune 2006

Garborg, Arne: *Knudaheibrev*; Time kommune 2005

Garborg, Arne: *Den bortkomne faderen*; Time kommune 2008

Garborg, Arne (red. Sigbjørn Reime): *Knudaheidagbok*; Time kommune 2004

Talle, Siri Garborg: *Kjære bror!*, Aschehoug, Oslo 2000

Johansen, Ørjan Zazzera: "Garborgløypa", manus

ANDRE KJELDER

Samtalar med Alexander Kristiansen, Karin Hodne og Vegar Hoel.

Innslag på Jærradioen, 15.2.2016